



Nyheitsbrev Voss herad 2020

Oktober 2018

Tillit skal styrke lokaldemokratiet

Etter ei oppsummering av gruppearbeida i felles kommunestyremøte for Voss og Granvin, vel Fellesnemnda å byggja ein «tillitsskapande organisasjon» som høgaste målsetjing, i det vidare arbeidet med å utvikla Voss herad. «Me tek innbyggjarane på alvor, og erkjenner at me har ei utfordring», var omkvedet frå møtet i Fellesnemnda 19.10.18.

Resultata frå lokaldemokratiundersøkingane i Granvin og Voss syner at manglande gjensidig tillit er det største og viktigaste problemet som må løysast. Innbyggjarane sin tillit til folkevalde, innbyggjarane sin tillit til administrasjonen, folkevalde sin tillit til administrasjonen og sannsynlegvis òg administrasjonen sin tillit til dei folkevalde er for låg. Når den gjensidige tilliten er låg, handlar diskusjonar meir om symptom og skuld enn årsakene.

Tillitsbygging handlar mest om kultur. Kva kultur ynskjer me å tufta den nye kommunen på? Ein kan dyrka dei kulturar og subkulturar som skapar avstand, eller ein kan dyrka samskapingskulturar. Ved å velja det siste må ein gjerne svelga litt kamelar og leggja historia bak seg. Ein ny kommune er eit fantastisk høve til å nullstilla.

Dei lokale tillitsutfordringane eit problem me eig i lag og som me må løysa i lag. Fyrst når me har erkjent problemet, kan me ta tak i problemstillinga. Me må gå grundig til verks, og bruke tid. Tillit er nok ein må gjere seg fortent til, ikkje noko ein kan krevje. Saman må me finna årsakene, ikkje plassera skuld. På grunnlag av desse årsakene må me einast om tiltak som byggjer tillit. Dette er tiltak som me må nytta i bygginga av den politiske og administrative kulturen i Voss herad, i utforminga av lokaldemokratiet, etiske retningslinjer, korleis me samhandlar mellom politikk og administrasjon, kommunikasjonsstrategi, gjennomføring av politiske møter og så bortetter.



Felles kommunestyremøte 27.09.18



Stabssjef Strategi og styring, Liv Myklebust

Ny leiar for staben, Strategi og styring i Voss herad

Liv Myklebust (36) er tilsett som Stabssjef for strategi og styring i Voss herad. Ho har i fleire år vore strategi- og økonomileiar i kommunalavdeling helse og omsorg i Voss kommune.

- Det blir kjekt, spennande og utfordrande. Eg gler meg til å vera med på å byggja opp ein ny kommune, seier Liv Myklebust. Liv har allereie starta i stillinga 50 % og frå nyttår vil ho kun ha fokus på det nye heradet som skal byggjast.

- Det var mange sterke søkjarar til stillinga, som er ei viktig og sentral stilling i Voss herad. Det er fint at me i ein slik prosess finn den beste kandidaten internt, seier prosjektleiar Arild M. Steine.

Me ynskjer Liv velkomen i ny stilling og lukke til med arbeidet med Voss herad.



Nyheitsbrev Voss herad 2020

Oktober 2018

Nye gardsnummer

Systemet ein har for gards- og bruksnummer i dag vart innført i Noreg i 1863-83. Kvar gard fekk tildelt gardsnummer kommunevis, og underbruka av hovudgardane fekk eit bruksnummer.

Kommune, gards- og bruksnummer er eigedommen sin unike identitet. Eit gards- og bruksnummer er registrert både i matrikkelen (eigedsregisteret) og i grunnboka.

Voss, Granvin og del av Ullensvang har gardsnummer som er like. Ved samanslåinga må gardsnummera samordnast, slik at ein får eit felles system.

Statens kartverk har ansvar for nummereringa ved kommunesamanslåinga og har utarbeidd eit framlegg til gardsnummerserie i Voss Herad. Det inneber at Voss beheld eksisterande nummer medan Granvin og del av Ullensvang (Oksenhalvøya) får nye nummer. Granvin får eit tillegg på 500 og del av Ullensvang 600.

For dei teigane i Ullensvang som ligg på begge sider av kommunegrensa, vil dei ved frådelling få nye bruksnummer før dei vert overført til Voss herad.

Kommunesamanslåing i praksis?



Lunch



Prosjektleder Arild McClellan Steine
Foto - Terje Hjartnes, Avisa Hordaland

Nye ting som er prøvd før?

Som Lunch-stripa foreslår kan kommunesamanslåing eller endringsprosesser generelt, av og til kjennast ut som om ein snur bunken og begynner på nytt. Då er det greitt å hugsa at iPhone var ikkje Apple sitt fyrste forsøk på å laga ein smarttelefon. I 2005 forsøkte dei seg på den lite kjende modellen, ROKR E1. Det var på ingen måtar ein suksess, men dei hadde likevel stor tru på konseptet og gav ikkje opp. I 2007 fekk me den fyrste versjonen av iPhone. Å læra av seg sjølv, ikkje berre der noko er bra, men òg der ein har mislukkast kan vera bra.

14. november 2018 Hugs å meld deg på!

Vossakaren Arne Hjeltnes skal snakka om arbeidsgjevarpolitikken og verdiorda våre.

Er me profesjonelle – pålitelege - skapande - inkluderande?

I kjent stil vert det både skjemt og alvor, denne gongen om oss som arbeidstakarar.

Påmeldingsfrist 1. november – kun 600 plassar.